


Møre og Romsdal fylkeskommune

Utgreiingstema for KU og fag

Vedlegg 1 - planprogram (revidert 2026) – Remøybrua



Innhald

Utgreiingstema for KU og fag

1.	Kva skal utgreiast?	2
2.	Konsekvensutgreiing	4
3.	Fagutgreiingar	9

1. Kva skal utgreiast?

Som ein del av planprogrammet er det gjennomført ei kartlegging av utgreiingsbehov i samband med konsekvensutgreiing og planomtale. Tema er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing § 21 «*skildring av faktorar som kan bli påverka og vurdering av vesentlege verknader for miljø og samfunn».* Det er tre alternativ som blir sett på som relevante og realistiske, og som skal konsekvensutgreiast. Disse tre alternativa er omtalt i kapittel 3 i planprogrammet og vil bli samanlikna med 0-alternativet. I endeleg planomtale vil også andre tema bli omtala for det alternativet som skal detaljregulerast.

Rapportering til offentlege databasar vert gjort for alle aktuelle fagtema, til dømes NADAG, Vann-nett, Artsobservasjoner, med fleire.

Tabellen nedanfor viser kva for fagtema som er vurdert som naudsynte å belyse i konsekvensutgreiinga, som eigne fagutgreiingar eller i planomtalen for det føreslegne tiltaket.

Tabell 1 *Oversikt over tema som skal utgreiast gjennom reguleringsplanprosessen*

Tema	Utgreiingsbehov	KU	Fag-rapport	Planomtale
Naturmangfald jf. Naturmangfoldsloven	Påverknad på naturmangfald vert greia ut i KU	X		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Arkeologiske registreringar og fagrapport	X		
Landskap	Påverknad på landskap vert greia ut i KU og skildra i planen.	X		
Bumiljø, nærmiljø og folkehelse	Del av KU samlerapport	X		
Vassmiljø	Verknader for marint naturmangfald.	X		

Tema	Utgreiingsbehov	KU	Fag-rapport	Planomtale
Støy	Fagrapport KU. Støyvurdering blir utført for detaljplan.	X		
Trafikale verknader	Omtale i KU samlerapport	X		
Samlerapport KU	Hovudrapporten for KU	X		
ROS Risiko- og sårbarheitsanalyse	Beredskap og ulykkes-risiko er del av ROS.		X	
Naturpåkjenningar frå sjø	Fagrapport, inngår òg i ROS		X	
Geoteknikk	Geotekniske rapportar og vurdering av områdestabilitet.		X	
Overvatn og VA	Del av vegfaglege vurderingar.			X
Miljøgeologi	Vurdering av forureina grunn		X	
Klimagassutslepp	Klimagass-berekningar av tiltaket		X	
Vegutforming, vegteknisk infrastruktur og elektro	Faglege vurderingar			X
Seglingshøgde Remøybrua	Faganalyse utførast i tidleg fase av detaljplanleggинga.		X	
Forprosjekt bru	Fagvurdering av bruløysing med arealbehov		X	

2. Konsekvensutgreiing

Tema som skal konsekvensutgreiast følgjar anerkjent metode, og alle relevante tema må belysast. For utgreiing av klima- og miljøtema skal Handbok M-1941 frå Miljødirektoratet nyttast. Vegvesenets handbok V712 skal nyttast ved utarbeiding av samlerapport for KU. I tillegg til M-1941 og V712 vert tilgjengeleg temarettleiing på Regjeringen.no nytta i planlegginga.

For deltema landskap, kulturmiljø og naturmangfald inkluderer utgreiingane feltarbeid. For deltema naturmangfald, skal naturtypar på land kartleggast etter Miljødirektoratets instruks M-2209. Det skal gjerast ei supplerande kartlegging av fugl (våtmarksfugl, sjøfuglar) i hekkesesongen. Konsekvensutgreiing av marint naturmangfald (deltema vassmiljø) skal bygge på eksisterande kartleggingsdata etter DN-handbok 19 (2007). Fagutgreiingar som skal omfattast av konsekvensutgreiinga er skildra nedanfor:

Naturmangfald

Dagens situasjon		
Området har eit rikt naturmangfald med variasjon i naturtypar, som er viktige økologiske funksjonsområder for sjøfugl og andre vassfuglar. Her er ingen naturvernområde.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Naturtypekartlegging på land og ferskvatn etter DN-håndbok 13 i 2010, og etter Miljødirektoratets instruks (NiN-kartlegging) i 2019.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Konsekvensutredning Supplerande naturtypekartlegging i etter nyaste M-2209. Oppdatert kunnskap om sjøfugl og våtmarksfugl, for fastsetting av økologiske funksjonsområde i influensområdet til planen.	Håndbok M-1941 Miljødirektoratets instruks M-2209 Fuglekartlegging (felt)	Delrapport Rapportere til Naturbase i NiN-app Rapportere kartleggingsdata i Artsobservasjoner.no

Kulturminner, kulturmiljø og kulturlandskap

Dagens situsjon		
Det er gjort funn av fleire automatisk freda kulturminne på Remøya, Remøyholmen og på Leinøya.7565		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Kulturminneatlas/Askeladden. Arkeologiske registeringar. Eksisterande kunnskap og registeringar for automatisk freda kulturminne.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Kulturmiljø/nyare tids kulturminne Marine kulturminner (evt.)	Håndbok M-1941 Feltarbeid nyare tids kulturminne og kulturmiljø utførast av Universitetet i Bergen	Delrapport

Landskap

Dagens situsjon		
Landskapet er småkupert kystslettelandskap på ytre kyst med øyer, halvøyer og skjergard, vågar og sund. Kulturlandskapet er prega av spreidd busetnad og småbruk med beite- og dyrkamark og naust langs strandflatene.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Ingen		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Kartlegging og verdisetting av landskap	M-1941	Delrapport med fotovisualiseringar

Bustadmiljø, nærmiljø og folkehelse

Dagens situsjon		
Fylkesvegen går gjennom områder med boligbebyggelse.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Utreder hvordan vegtiltaket påvirker bebygde områder i forhold til tema som bygg og busetnad, bumiljø, nærmiljø og folkehelse. Leike- og aktivitetsområde, nærrekreasjon, sosial bærekraft, universell utforming og tilgjengelegheit er mellom dei tema som skal belysast.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Tverrfaglig tema som sammenstiller informasjon frå andre fagrapportar med bebyggelsesstruktur, busetnadsmønster, arealbruk og innspel frå bebuarane.	V712 Medvirkning Helsedirektoratets veileder for helsekonsekvensanalyser	Inngår i konsekvensutgreiinga sin samlerapport.

Vassmiljø

Dagens situsjon		
Det er registrert ålegrasenger, skjelsandførekomstar og blautbotnsområde i strandsona. Økologisk tilstand i vassmiljøet er moderat og kjemisk tilstand er dårleg.		
Utgreiingar og avklaringar som foreligg		
Marine naturtypar er avgrensa av NIVA i 2017 og 2019 ifb. Nasjonal kartlegging -kyst. Elvenes, S. m.fl. 2019. Seabed sediments of Søre Sunnmøre, Norway Resipientundersøking Ulstein 2021-2022. Resipientundersøking Herøy 2012.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Vurdering av vassforskriften og	Håndbok M-1941	Delrapport Evt. nye data leggast inn i Vann-nett

verkningar for vassmiljø av alle vegalternativer.		

Støy

Dagens situsjon		
ÅDT er ifølge Vegkart.no ÅDT 1000 og andelen lange køyrety er 7 %.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Støyfagleg vurdering av korleis planlagde vegtiltak vil påverke støysituasjonen i permanent situasjon og i anleggsfase. Tiltak for å sikre at tilrådde grenseverdiar i T – 1442/2021 kan imøtekomast skal vurderast.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Støyutgreiing i hht. Støyretningslinja T-1442/2021	Håndbok M-1941	Delrapport

Trafikale verknader

Dagens situasjon		
Dagens vegsituasjon		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Trafikkale verknader av vegalternativa skal vurderast. Trafikkvurderingar omfattar vegstrandard og trafikksituasjonen for alle former for trafikkantar i anleggs-/ byggefase, drift og ved framtidig vedlikehald og utvikling av vegstrekninga.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Veg- og trafikkfaglege tema inngår i samlerapport.	V712	Inngår i samla KU rapport med tilhøyrande samfunnsøkonomisk analyse.

Samlerapport konsekvensutgreiing

Dagens situsjon		
Dagens vegsituasjon er 0- alternativet. Denne vurderast i forhald til ny veg (alternativ 1, 2 og 8).		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Fagrapportar og fagvurderingar.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Samla vurdering av utgreidde ikkje-prissette konsekvensar og eventuelle tilleggsutgreiingar	Håndbok V712 Håndbok M-1941 Metode for sammenstilling av ikkje prissette og prissette verknader følgjer vegvesenet si Håndbok V712.	Delrapportar for KU kombinert med fagopplysningar frå trafikkanalysar, naturfarevurderingar, klimagassreknskap og analyse av mål for vegprosjektet.

3. Fagutgreiingar

Fagvurderingar blir utarbeidd for vegalternativet som blir anbefalt etter KU og som skal detaljregulerast. Risikovurderingar blir utført som del av fagvurderingane. Det skal leggjast vekt på å beskrive naudsynte og aktuelle avbøtande tiltak for anleggsfase og permanent situasjon.

Naturpåkjenningar frå sjø

Dagens situsjon		
Dagens veg over Remøya ligg under trygg høgd iht. dagens standard.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Rapportane dokumenterer: - Dimensjonerande vasstand med 200 års returperiode inkl. havnivåstigning - Dimensjonerande bølgjetilstand med 200 års returperiode - Trygg høgd iht. TEK17 §7-2 og N100, tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og samtidig bølgjepåverknad med 200 års returperiode inkl. havnivåstigning		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Endring av strømtilhøve i sundet må vurderast ut frå kor mykje sundet vert innsnevra.	Kvalitativ vurdering i og tverrfaglege vurderingar. Ved stor endring i gjennomsegling kan modellering vere naudsynt.	Havnivåstigning Bølgepåvirkning for ny veg og mellombels omkjøringsveg Strømningsanalyse

Geoteknikk

Dagens situsjon		
Nye vegtiltak med tilhøyrande infrastruktur og anleggsområde skal ivareta gjeldande tryggleikskrav for lokal stabilitet og områdestabilitet i anleggsperioden og permanent situasjon. Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt og geoteknisk undersøking er naudsynt for å kartlegge grunnforhold i området.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Offentleg tilgjengeleg data i NADAG. NVE Atlas med sine aktsemd- og faresonekart.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Grunnundersøkingar på land og i sjø. Vurdering av byggbarheit for avgjerd av arealbehov for tiltaket.	SVV HB N200, V220, V221, N400 og NVE veileder nr. 1/2019. Vurdering av områdeskredfare greier ut risiko for skred som følgjer av kvikkleire i høve krav i Plan- og bygningslova § 3. 1 h og TEK 17 § 7-3. Utgreiinga blir utarbeidd etter den trinnvise prosedyra i NVE veileder nr. 1/2019 – Sikkerhet mot kvikkleireskred.	Geoteknisk datarapport. Geoteknisk vurdring av områdestabilitet. Vurderingsrapport for byggbarheit og arealbehov – fundamentering, stabilitet og bereevne. Geotekniske prosjekteringsforutsetninger – gjennomgang av relevante sikkjerheitsprinsipp og myndigheitskrav for tiltaket. 3. partskontroll

Overvatn og VA

Dagens situsjon		
Dagens vegsituasjon og tekniske anlegg.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Informasjon om veg, VA- anlegg og terreng frå dagens vegdrift og kommunalteknikk. Offentlege databasar.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Vurderingar av overvasshandtering og VA-anlegg etter gjeldande krav og ved vurdering av klimapåslag.	Anerkjent metode og gjeldande føringar for vasshandtering.	Del av andre leveransar.

Miljøgeologi – forureina grunn

Dagens situsjon		
Dagens vegsituasjon og grunnforhold innanfor vegareala som skal detaljregulerast.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Tilgjengelege databasar. Miljøgeologisk undersøking.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Vurdering av forureina grunn.	Miljøgeologisk undersøking	Rapport

Klimagassutslepp

Dagens situsjon		
Trafikkert veg. Karbonrike areal knytt til våtmark, strandeng og kulturmark.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Ingen		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Klimagassberekningar	Berekning av klimagassutslepp frå arealbruksendringar, materialar, utbygging, drift og vedlikehald. LCA-analyse	Rapport

Vegutforming med vegteknisk infrastruktur og belysning

Dagens situsjon		
Dagens veg.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Faglege vurderingar med tekniske vegavklaringar. Elektro, VA, brukonstruksjon utarbeider tekniske planer.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Vegstandardar	Vegplanlegging med tilhøyrande fag.	Vegtekningar og kart som viser tekniske løysningar.

Skipsanalyse Remøybrua med samfunnskonsekvensar av ulike seglingshøgder

Dagens situsjon		
Sjøtrafikken kryssar Nordre Vaulen i farlei. Kystverket sin dokumentasjon og opplysningar frå sjøfarande leggast til grunn.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Rapportar om sjøtrafikk. Politiske saker og folkemøter om seglingshøgde under Remøy bru.		
Utgreiingsbehov	**Metode**	**Dokumentasjonskrav**
Viktig å avgjere framtidig seglingshøgde då dette påverkar bruhøgde, brulengde, m.m.	Trafikkfagleg vurdering av sjøtrafikk. Samhandling med aktørar som Kystverket, los-båt, redningsselskap og fiskerinæringa	Skipsanalyse

Konstruksjonsrapport bru

Dagens situsjon		
Dagens bru må erstattast på grunn av dårleg tilstand.		
Utgreiingar og avklaringar som ligg føre		
Ingen		
Utgreiingsbehov	Metode	Dokumentasjonskrav
Brukonstruksjon med vegløysing og arealbehov. Forprosjektrapport skal synleggjere konstruksjonstype, materialval, fundamentering osv.	Gjeldande handbøker	Fagrapport



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no